

**From:** Elling Dybdal <Elling.Dybdal@tussa.no>  
**Sent:** fredag 8. november 2019 15.36  
**To:** NVE  
**Subject:** [SPAM] Fråsegn til Forslag til endringer i energilovforskriften.

Referansenummer 201842903

Denne tilbakemeldinga er basert på det vi meiner er viktig for ei sunn og god utvikling for kraftbransjen.

Vanlegvis gjev ein fråsegn berre når ein er usamd. Vi er i all hovudsak samde med framlegget, men vel likevel å gi ei tilbakemelding.

Energilova er om lag 30 år. Med energilova vart nettet definert som eit monopol. Det har fungert rimeleg greitt i 30 år. Kva med komande år? Eg trur det framleis vil vere viktig at nettet er monopol og tydeleg skilt frå anna konkurranseutsett verksemd. For 30 år sidan var det påpeika at det var eit samfunnsøkonomiske tap å skilje nett og produksjon og spesielt i investeringsamanheng. Det vart likevel valt å halde fast på skilje.

Med ei framtid basert på gode klimaløysingar vil vi få stadig meir fornybar produksjon som er tilfeldig og mindre produksjon med rørelege kostnader (marginale kostnader). Det er også tru om fleksibelt forbruk skal sikre ein balanse som gir tilfredsstillande tillit til spotprisen. (Spotprisen er eit svært viktig prissignal for beslutningar både på tilgang- og forbrukssida) Samstundes registrer vi at det blir jobba med løysingar i monopolet som skal bidrage til at nettet kan utnyttast betre. Altså at Investeringar kan utsetjast. Dette er også tenkt løyst med diverse forbrukarflexibilitet, men på lokalt nivå. Sett frå ståstaden min, kan det her vere ein fare for at beslutningar i genselandet mellom monopol og konkurranse ikkje er nøytrale og uavhengige. Med det kan tilliten bli svekka. I ein slik samanheng trur eg det vil vere særst viktig å ha strenge og tydelege skilje mellom monopol og konkurranse og det burde gjelde for alt nett både store og små nettselskap. (Vi bør framleis akseptere eit visst samfunnsøkonomisk tap for å ha eit nøytralt nettmonopol) Mitt spørsmål i så måte er om framlegget går langt nok i å sikre den nødvendige nøytraliteten og uavhengigheita. Vi meiner det bør vurderast om funksjonelt skilje burde gjelde for alle og eigarmessig skilje mellom monopol og konkurranse burde gjelde for dei største nettselskapa.

Med vennleg helsing

Elling Dybdal | Konsernsjef | TUSSA

Tlf. dir.: +47 70 04 62 22 | Mobil: +47 918 52 540 | elling.dybdal@tussa.no | www.tussa.no |

TUSSA – MED KRAFT TIL Å SKAPE